



Betong-elementa som var skamfert av stormen skal erstattast med breiare og djupare element. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Montering av større og kraftigare betongelement som bølgebrytarar i enden av piren utanfor moloen er det klårt viktigaste tiltaket når den stormskadde båthamna i Uskedalen no skal reparerast og restaurerast. Dei tre betong-elementa som vart montert som ein del av utvidinga sist vinter var for små og svake og dei var slik lenka saman at dei braut seg laus frå kvarandre.**



Elementa som som låg ytterst og var bølgebrytarar sto ikkje i mot stormen, som hadde orkan i kasta. Nå blir dei erstatta med kraftigare saker. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Takstmannen til forsikringsselskapet IF har slått fast at to av dei tre elementa må skiftast ut og då er det naturleg å gå til heil utskifting av bølgebrytarane.

- Hovedpoenget er å bryte bølgene før dei kjem inn, seier Øyvind Lernes i Rosendal, som er pådrivar for planen om ei båthamn i baronibygda.

Der satsar dei no på bølgebrytarar som både er lengre, breiare og djupare enn dei som har vore nytta i Uskedalen. Det samme vil dei naturleg nok gjera her når den 'nye' utstikkaren skal monterast og vera klar til påsketraffikken.

Det er mange produsentar på 'bølgebrytarfronten' no – oppdrettsnæringa har dreve fram ei betydeleg utvikling på dette området, understrekar Lernes.

- Betongelementa var for svake og vi kan ikkje satsa på slike ein gong til. Vi må rekna med at det kjem fleire slike stormar. Vi får problem med forsikringa dersom vi satsar på element av same sorten og også av omsyn til båtlagets framtid er det nødvendig med kraftigare saker, seier leiaren i båtlaget, Harald Erdal, til uskedalen.no.

Takstmannen frå forsikringsselskapet IF har no sendt ei uttale og Erdal fortel at han konkluderer med at anlegget var godt og var godt fortøyd. Men det var for svakt i festene mellom betong-elementa.

- Det var for lite betong. Eit liknande anlegg i Bergen vart påført samme slags skadar i den samme stormen, fortel Erdal.

- Kva slags element vil det no bli satsa på?

- Det er det for tidleg å seia noko om, men det er logisk at dei må vera både breiare og djupare enn dei som som ikkje klara å stå i mot stormkasta. Vi må samtala med forsikringsselskapet om dette. Vi vet enno ikkje kor mykje dei vil dekkja, men dei dekkjer dette som ein skade. Omfanget av skaden blir rekna til mellom 700.000 og 800.000 kroner. For å få opp att anlegget i driftsklar stand vil det kosta noko meir, det kan bli tale om millionbeløp, seier båtlagleiaren.

Også fem uteliggarar må skiftast ut – dei vart brote laus av stormen. Her må det til betre og sterkare festordningar i framtida.

Av Ola Matti Mathisen

## RIXØ-bølgebrytere



RIXØ bølgebrytersystem har mange fordeler framfor en konvensjonell molo.



RIXØ-bølgebryter

- Tillater ankring på dypere vann.
- Klarer tidevann på flere meter.
- Tåler storm og står imot harde værforhold, også om vinteren.
- Hindrer ikke vannsirkulasjon og hjelper dermed til med å bevare miljøet i havnebassenget.
- Er så godt som vedlikeholdsfrie.
- Konstrueres etter individuelle behov med hensyn til dybde-, bølge- og vindforhold.

### TEKNISKE DATA – RIXØ Bølgebrytere:

Lengde:	20 m
Bredde:	2,7 / 3,3 / 4,3 m
Høyde:	2,0 m
Fribord:	0,5 – 0,7 m
Vekt:	36.000 – 60.000 kg
Bæreevne:	400 – 600 kg/m <sup>2</sup>
Armert høyfast betong.	

Enno er det ikkje bestemt kva slags bølgebrytarar det no skal satsast på, men denne typen blir i hvert fall vurdert av båthamnfolka i Rosendal.